



Camilla Jensen har starta kurs på grusbana i Uskedalen for dei yngste hundane. Her er ho under oppvising i Storsenteret på Husnes.
(Foto: Ola Matti Mathisen)

Grusbana passar godt også som kurs-arena også for hundefolket og tysdag kveld avvika hundeklubben den første, vellukka kurskvelden for valpar og unghundar der, fortel leiar Camilla Jensen.

Det deltok 10 hundar frå alle kantar av Kvinnherad.

- Dette er igrunnen den maksimalt ynskjelege deltakinga og vi er svært fornøgde med starten på kurset, seier Camilla.

Det skal haldast klokka 18 8 tysdagskveldar framover, med dei same deltakarane.

Hundane er mellom 4 månader og 1 år og i dette kurset får dei den første 'grunn-utdanninga'.

Det var ein halv time teori først og så starta praksisen ute på bana.